



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 1/ 2025 – Tysdag 4. Februar 2025, kl 16.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:

Solfrid Lier Habbestad, Astrid Furdal, 2. Sigrund Breistig.

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Eirik Aadland Tappel

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Tove Maryann Bjørge Ottesen (SM), Sigrund Breistig (SM), Kjell Gunnar Nymark som døde 081224.

Tekst for dagen ved Eirik Aadland Tappel.

Saker som vart handsama:

Godkjenningssaker.

01/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 191124 og 031224.

Drøftings- og godkjenningssaker.

02/2025 Nedsetting av utval for vurdering av ressurs- og disponeringsbehov i kyrkja sin STAB, sak 16/2024 frå FR-møtet 191124

03/2025 Bør FR ha eit AU-utval, og eventuelt kven bør sitja i utvalet, sak 27/2024 frå FR-møtet 031224.

04/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Diakon/ Diakonimedarbeidar.

05/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Medarbeidar.

06/2025 Innsetting av ny Sokneprest i Sveio sokn 090225 – program.

07/2025 Møteplan våren 2025.

08/2025 Vurdering av honorarsatsane ved deltaking i SR og FR. Sak kjem opp i neste møte i FR

Orienteringssaker.

09/2025

A. Staben vår.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

C. Rehabilitering v tak i Sveio kyrkje – finansiering, status og framdriftsplan.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar – status og framdriftsplan for oppfølging.

E. Budsjettramme kommunalt tilskot 2025.

F. NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR.

G. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta.

H. NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.

I. NY 040225: Utlysing av ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.

Neste møte 25.03.25, kl 16.30 – kjente saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040225.
- Rekneskap 2024 – årsrekneskap mot budsjett.
- Budsjett 2025.
- Oppfølgingsaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingsaker frå 040624, 030924, 291024, 191124, 031224 og 040225.

Sveio, 27.01.2025**Sign****Solfrid Lier Habbestad
Leiar Fellestrådet****Rita Holmedal
Kyrkjevevje****GODKJENNINGSSAKER.**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESTRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	01/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 191124 og 031224.

Det var ingen merknader til Innkallinga eller møteprotokollane frå 191124 og 031224.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESTRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	02/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 02/2025 Nedsetting av utval for vurdering av ressurs- og disponeringsbehov i kyrkja sin STAB, sak 16/2024 frå FR-møtet 191124.**Dokument i saka: Ingen.**

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040225:

Det vart i FR-møtet 191125 vedteke å setja ned eit utval for å vurdere ressursbehovet i Sveio Kyrkjelege Fellesråd sin STAB.

Kyrkjeverja har følgjande forslag til samansetning av utvalet: Leir, Nestleiar, Sokneprest og Kyrkjeverja.

Utvalet skal avslutta arbeidet sitt innan 010625.

Behandling i møte 040225:

Møtet hadde 'og ønskje om at utvalet vurderte disponering av ressursane.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040225:

Det vert sett ned eit utval samansett av: Leiar, Nestleiar, Sokneprest og Kyrkjeverja.

Utvalet skal ferdigstillast arbeidet sitt innan 010625.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

Mandatet blir: Vurdere ressursbehovet i kyrkja sin STAB, samt vurdere disponering av ressursane.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	03/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

03/2025 Bør FR ha eit AU-utval, og eventuelt kven bør sitja i utvalet , sak 27/2024 frå FR-møtet

Dokument i saka: Møteprotokoll frå konstituerande møte 231123.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040225:

Det vart i konstituerande møte vedteke at Sveio Kyrkjelege Fellesråd ikkje skulle ha eit Arbeidsutval (AU).

Kyrkjeverja har likevel i perioden drøfta saker til FR-møta med Leiar før saklista er sendt ut.

Kyrkjeverja meiner det er uheldig at mange i styret har handsama sakene før dei kjem til handsaming i styret.

Behandling i møte 040225:

Møtet hadde ønskje om å etablera eit AU, som kunne vurdere sakene før dei kom til handsaming i Fellesrådet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040225:

Vi held på vedtaket som vart gjort i Konstituerande møte, men at Leiar og eventuelt Nestleiar drøfte sakene med Kyrkjeverja før saklista vert sendt ut.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Det vert sett ned eit AU samansett av Leiar, Nestleiar, Prest og Kyrkjeverje.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	04/2025	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

04/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Diakon/ Diakonimedarbeidar.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040225:

Utvala skal i utgangspunkt vera samansette av medlemmar av FR og Kyrkjeverja.

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjeverja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet, Solfrid Lier Habbestad, og varamedlem Sigrund Breistig bistår Sistnemnde er vurdert ut frå si rolle i prosjektgruppa for etablering av denne stillinga, samt grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Diakon/ Diakonimedarbeidar.

Behandling i møte 040225:

Møtet hadde ønske om at prest vart med i utval.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040225:

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjeverja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet og varamedlem Sigrund Breistig bistår Sistnemnde er vurdert ut frå si rolle i prosjektgruppa for etablering av denne stillinga, samt grunnleggjande kjennskap til aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsetjingsprosessen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset ny Diakon/ Diakonimedarbeidar.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Møtet innstilte på Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at prest Eirik Aadland Tappel blir med i utvala.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	05/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

05/2025 Val av utval til oppfølging og fullføring av tilsettingsprosessen Kontorsekretær/ Kontormedarbeidar.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til drøfting 040225:

Utvala skal i utgangspunkt vera samansette av medlemmar av FR og Kyrkjevevja.

Intervjuutvalet vert sett saman slik - ut frå tidlegare praksis:

Kyrkjevevja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet, Solfrid Lier Habbestad, og nestleiar Tor Helge Hardeland bistår. Dette er ei administrativ stilling der Kyrkjevevja vil ha grunnleggjande kunnskap om behovet og aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsettingsprosessen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset.

Behandling i møte 040225:

Møtet vurderte det slik at denne stillinga først burde handsamast etter at utvalet, som skal vurdere ressurs- og disponeringsbehovet i STABEN, har avslutta arbeidet sitt.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak 040225:

Kyrkjevevja leiar intervjuprosessen, leiar i Fellesrådet, Solfrid Lier Habbestad, og nestleiar Tor Helge Hardeland bistår. Dette er ei administrativ stilling der Kyrkjevevja vil ha grunnleggjande kunnskap om behovet og aktivitetane stillinga skal inneha.

Tilsettingsprosessen.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak vedkomande tilsetjing, er at intervjuutvalet innstiller og tilset.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Møtet innstilte på å avvente denne tilsetjinga til etter at utvalet, som skal vurdere ressurs- og disponeringsbehovet i STABEN, har avslutta arbeidet sitt.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	06/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

06/2025 Innsetting av ny Sokneprest i Sveio sokn 090225 – program.

Dokument i saka: Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 040225:

PROGRAM på Soknehuset: Kyrkjekaffi ved STAB og kyrkjevertane - musikalsk innslag og helsingar mm. Kyrkjeverja vil følgja opp ressursar og invitera aktuelle gjester.

Behandling i møte 040225:

Følgjande programpostar er klar pr møtedato: Kyrkjekaffi - ansvarleg for Kyrkjevertane er Hildur Larsen. Musikalske innslag ved Alie Hamberg og Leiv Rossehaug. Helsingar ved varaordførar, prost, soknerådsleiarane. Intervju med den ny Soknepresten.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040225:

Møtet tar saka til orientering. STABEN med Kyrkjeverja vil følgja opp programmet vidare, og Kyrkjeverja vil leia festen.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	07/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

07/2025 Møteplan for våren 2025.

Dokument i saka: Ingen

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Møte 1: 040225

Møte 2: 250325

Møte 3: 200525

Behandling i møte 040225:

Ingen merknader til framlagt møteplan.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 040225:

Møte 1: 040225

Møte 2: 250325

Møte 3: 200525

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 040225:

Møtet innstilte på Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg:

AU-møta vert lagt ei veke før FR-møta og på følgjande datoar: 180325 og 130525.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	08/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

08/2025 Vurdering av honorarsatsane ved deltaking i SR og FR.

Sak kjem opp i neste møte i FR.

Dokument i saka:

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting 250325:

Behandling i møte 250325:

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak 250325:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak 250325:

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
25.02.04	09/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår.

040624: Ingrid slutta 290224, Haldis går av som førtidspensjonist 010225. *Brit slutte 300924..*

Anne skal ha svangerskapspermisjon fom 13.12.24 tom 07.08.25 + ferie.

Status 291024: Det vert effektivert vikar for stillinga til Anne i hennar permisjon.

B. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

040624: Arbeidet her er planlagt med eigne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for det vidare arbeidet med sakristia inntil dei er ferdigstilte. Planleggingsarbeidet er starta

og prestesakristiet vert prioritert sidan det vert mest brukt. Vi vurderer 'og opp-pussing av det som vert nytta som dåpssakristi i dag - etter at dei to sakristia vi no jobbe med er ferdige.
Status 031224: God framdrift i prestesakristiet – gammal tapet og el kablar er fjerna, og maling av lister godt i gang.

Status 040225: Ny tapet på plass og klar for maling – eit mål om å ha prestesakristiet klart til innsetjing av ny sokneprest 090225.

C. Rehabilitering av tak i Sveio kyrkja – kostnadsestimat, finansiering, status og framdriftsplan.

Status 291024: Det var synfaring med prosjektleiar Andreas Ekrheim, kulturkonsulent i kommunen Ellen Tveit, arkitekt og bygningsvernrådgjevar ved Sunnhordland Museum, Kathrine Norum 24.09. Målet var å få oversikt over arbeidet som skulle gjerast, og som kunne resultera i ein rapport som skulle leggja grunnlag for ein søknad til Kyrkjebevaringsfondet – der fristen for å søkja om midlar for 2025 er 04.11. Prosjektleiar har i ettertid utarbeida grunnlagsrapport og kostnadsramme på 2,7 mill for prosjektet, og Kyrkjeverja vil innan fristen søkja om midlar frå fondet dokumentert i utarbeida rapport og kostnadsramme.

Status 031224: Søknaden vart sendt innan fristen – meir dokumentasjon er etterspurt og prosjektleiar i kommunen og Kyrkjeverja følgjer opp.

D. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

040624: Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet.

Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624.

Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

Status 291024: Det vart i STABS-møtet 17.10 sett ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvar for den vidare prosessen med frist 31.12.

Status 031224: Første møtet i prosjektgruppa blir halde 051224 – oversikt og framdriftsplan.

E. Budsjettamme kommunalt tilskot 2025, vedlegg sak 31/2024 F. Det er framlegg om ei auka ramme på 4%. Endeleg godkjenning i kommunestyret 16.12.

Status 040225: Kommunestyret innstilte på ei ramme på 4%.

F. NY 040225: Elevar frå ungdomsskulen på arbeidstrening i FR kvar tysdag kl 12.20 – 13.40 fram mot sommarferien. Ansvarlege i STAB: Eirik, Hilde og Rita.

G. NY 040225/Solfrid: Referat/Møteprotokollar frå FR-møta er etterspurde på Heimesida til kyrkja, og blir lagt ut så snart som muleg.

H. NY 040225: «Medarbeidarfest» onsdag 040625.

Nytt namn på festen? Ansvarlege for festen er STAB, PROGRAM – musikals innslag, helsingar ved prost, ordførar mm

I. NY 040225: Utlysing av ny Sokneprest i Valestrand & Førde sokn.

Søknadsfrist er 090325.

Intervju: 19-21.0325.

Frist for SR si uttale: 020425.

Frist for forslag frå prost: 070425.

Dato for tilsettingsråd: 090425

Rita Holmedal – Kyrkjeverje/ referent

Signaturar: